

# Tilskot til kulturminne i Hordaland 2018

Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske  
kulturminne (BARK)



Søknad om tilskot om midlar gjennom Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) 2018 (saksnr: 2017/14820).

	Søkjar	Prosjekt-namn	Om prosjektet (ifølgje søker)	Totale utgifter	Omsøkt	Tilråding	Grunngjeving
1	Austrheim kommune	Steinalder-stien	Fjerning av skog på steinalder-buplassar og prosjektleiar steinalderstien	584.000,-	292.000,-	292.000,-	Del av fyrtårnprosjekt for arkeologi-formidling i Hordaland. Viktig for å kunne gå vidare med prosjektet.
2	Granvin Turlag	Munkarøysi	Merking av tursti forbi gravrøys og informasjonstavle gravrøys, infoark nyare tids kulturminne	35.100,-	11.250,-	11.250,-	Ikkje andre tilrettelagte kulturminne i kommunen. Del av turstiprosjekt
3	Sund kommune	Skaganeset og kvalvågen	Skilt og formidling av tur- og kulturområde via applikasjon.	220.000,-	50.000,-	50.000,-	Vidareføring av pågående prosjekt. Prioritert kulturminne. Ikkje andre tilrettelagte kulturminne i kommunen.

---

## *Hogst av steinalderlokalitetar og prosjektleiar Steinalderstien, Fosnstraumen, Austrheim kommune*

---

**Søkjar:** Austrheim kommune

**Prosjektkostnad:** 584.000,-

**Søknadssum:** 292.000,-

**Tilråding:** Tilråding om tilsegn kr 292.000,-. Det omsøkte tiltaket er del av det prioriterte prosjektet «Steinalderstien» som er heva fram som fyrtårnprosjekt for formidling av arkeologiske kulturminne i Hordaland.

---

### **Kulturminneområdet**

Fosnstraumen mellom Austrheim og Radøy kommune er eit kulturminneområde frå steinalder. Straumen gav ei stabil matkjelde, og me finn difor eit stort antal buplassar frå heile steinalderen her. Området er lite påverka av moderne tiltak, og kulturminna er godt bevart og ligg i eit samanhengande og intakt landskap. På 1990-talet vart området tilrettelagt med kultursti, og Austrheim og Radøy kommune har saman arbeidd med oppgradering av denne tilrettelegginga. Området er det største og mest samanhengande kjende kulturmiljøet frå steinalderbusetjing i Hordaland som er bevart idag.

### **Prosjektet**

Austrheim kommune fekk i 2017 tildelt kr 400.000,- i tilskot frå Hordaland fylkeskommune til utvikling av eit fyrtårnprosjekt for formidling av forhistoriske kulturminne, prosjekt «Steinalderstien». Søknaden frå Austrheim kommune var retta mot arbeidet med ei universelt utforma rampe inn til ein utkikksplass som gav utsyn til kulturminne på begge sider av straumen. Før det er mogleg å ta til med dette prosjektet er det naudsynt å fjerna granskogen frå området. Dette er avgjerande både av omsyn til formidling, for å sikra utsyn frå området, for å gjera området der tiltaket skal gjennomførast tilgjengeleg, og for å sikra tryggleiken til kulturminna. Hogst er eit kostnadskrevjande tiltak grunna at omsynet til kulturminna legg sterke føringar på korleis arbeidet kan utførast. Austrheim kommune går no vidare med prosjektet, og søker tilskot til fjerning av granskog og til forprosjekt/prosjektleiar for vidare arbeid med den universelt utforma rampa.

### **Vurdering**

- Tiltaket er initiert og prioritert av kommunen
- Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen
- Det er stort lokalt engasjement for kulturminnet.
- Tiltaket er første del av eit prosjekt som skal føra til universelt utforma tilrettelegging.
- Tiltaket har stort formidlingspotensiale. Fjerning av skog er avgjerande for å kunna formidla kulturminna på ein god måte.

Prosjektet er allereie prioritert av Utval for Kultur, Idrett og Regional Utvikling som fyrtårnprosjekt i Hordaland gjennom sak [PS 77/2017](#). Tiltaket fyller alle kriteria for tilskot. Grunna status som fyrtårnprosjekt er søknaden satt som første prioritet for Hordaland fylkeskommune.

## *Skilting og merking av «Munkarøysi», Gravminne, Granvin kommune*

---

**Søkjar:** Granvin Turlag

**Prosjektkostnad:** 35.100,-

**Søknadssum:** 11.250,-

**Tilråding:** Tilråding om tilsegn kr 11.250,-. Prosjektet ser kulturminne i samanheng med turgåing, og vil synleggjera kulturminnet for brukarar av området. Tiltaket har låg kostnad, og vil føya nye kvalitetar til turopplinga. Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen.

---

### **Kulturminnet**

Munkarøysi er ei gravrøys frå jernalderen. Røysa er 14 meter i tverrmål og omlag 1 meter høg, og er godt synleg i terrenget. Det veks bjørketre på røysa og det vert gjort årleg skjøtsel av grunneigar. Den gamle gangvegen ligg tett ved kulturminnet.

### **Prosjektet**

Granvin Turlag vil merka stien forbi Munkarøysi som del av prosjektet Stølstrimmen. Ein av stiane i Stølstrimmen vert merka slik at den passerer Munkarøysi. Turlaget ynskjer tilretteleggja kulturminnet med informasjonstavle for å gjera det kjent for bygdefolket og andre. Turlaget vil òg formidla informasjon om nyare tids kulturminne i nærleiken. Prosjektet er eit lågterskeltilbod for alle, og turlaget vil marknadsføra turen mot skuleborn og deira historieundervisning. Grunneigar og Granvin herad er svært positive til prosjektet.

### **Vurdering**

- Kulturminnet har stort formidlingspotensiale
- Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen
- Det er ikkje mål om universell utforming
- Prosjektet er knytt opp mot merking av turløype som er eit folkehelsetiltak. Prosjektet er initiert av Granvin Turlag og grunneigar er positiv til tiltaket.
- Tiltaket er på prioriteringslista til kommunen. Heradet er positive til prosjektet.

## *Vidareføring av tilretteleggingsprosjekt i Kvalvågen, Sund kommune*

---

**Søkjar:** Sund kommune

**Prosjektkostnad:** 220.000,-

**Søknadssum:** 50.000,-

**Tilråding:** Tilråding om tilsegn kr 50.000,-. Kvalvågen er eit prioritert kulturminne i kommunen, og det er ikkje andre tilrettelagte kulturminne her. Midla skal gå til ferdigstilling av allereie påbyrja prosjekt for tilrettelegging og formidling.

---

### **Kulturminnet**

Kvalvågen er eit område i Sund kommune med rik historie. Her er det ei rekke steinalderbuplassar, og det er kulturminne frå nyare tid knytt til kvalfangst. Kvalfangst er ein gammal næringsveg i området, og aktiviteten går attende til mellomalder og har halde fram til nyare tid. Det er fysiske spor etter opptrekk av kval i form av ein voll kalla kvalvollen. Historiske kjelder fortel at denne vart nytta fram til 1887. Det er godt fiske i vågen, og dette har vorte utnytta frå steinalder og opp til våre dagar. Området har slik stor tidsdjupne, og er veleigna for formidling av ressursutnytting og bruk av landskapet gjennom fleire tusen år.

### **Prosjektet**

Sund kommune søker om midlar til ferdigstilling av eit prosjekt for tilrettelegging av området som vart tildelt midlar og starta opp i 2017. Det omsøkte tiltaket var eit forprosjekt, men vart endra til del ein av eit hovudprosjekt for tilrettelegging av området. Sund kommune ynskjer å supplera skiltformidling med formidling via ein applikasjon, og søker midlar til å gjennomføra dette. Tiltaket omfattar mellom anna dronevideo av området, implementering av QR-kodar og nye bilete.

### **Vurdering**

- Tiltaket er initiert og prioritert av kommunen.
- Det er ikkje andre tilrettelagte arkeologiske kulturminne i kommunen
- Universell utforming av sti er uråd grunna terrenget, men kommunen vil sjå på kor vidt det kan la seg gjera å få universell tilkomst med båt.
- Prosjektet er sterkt forankra lokalt, både lokalpolitisk, administrativt, og hjå lokale lag og verksemder.
- Prosjektet har stort formidlingspotensial, og kvalitetar innan folkehelse. Formidling via applikasjon vil gjera informasjonen tilgjengeleg for brukarar av området på andre måtar enn gjennom tradisjonelle skilt. Applikasjonen moglegger formidling via lydfilar, noko som vil gjera informasjonen tilgjengeleg òg for svaksynte.